

## **Kjære prisvinnarar – Gudmund og Cathrine Kårvatn, med familie!**

Gratulerer med Kulturlandskapsprisen i Møre og Romsdal 2022. Prisen er ein velfortent påskjønning for innsatsen dykkar for å ta vare på kulturlandskapet og for å utvikle moglegheitene de har her på Kårvatn.

### **Besøk:**

Eg hadde gleda av å besøke Kårvatn tidlegare i sommar. Då fekk eg høyre historia om garden og området. Eg fekk også eit innblikk i den allsidige drifta her på garden.

### **Historia:**

På Kårvatn har det vore gardsdrift sidan 1400-tallet, men det har truleg vore menneske her sidan steinalderen.

Gjennom heile garden sin historie har dei lokale ressursane vore nytta, mellom anna gjennom hausting, seterdrift, skogsdrift, jakt og fiske og etter kvart turisme.

Det var også spennande å høyre at dette området ligg i handelsaksen frå Storlidalen til Fosen - no Kristiansund. Og om korleis denne garden fekk mykje besøk grunna dette. Her var det behov for å tilby både husly og mat.

### **Mangfaldet i kulturlandskapet på Kårvatn er stort:**

Her er ein stor variasjon i geologi og naturtypar.

Her finst kulturminne frå eldre og yngre tider, og tunmiljøet på garden består av godt vedlikehaldne bygningar ifrå fleire tidsperiodar. Dyrkamarka omkring garden er i bruk og velpleidd og ressursane i utmarka blir nytta.

### **Drifta:**

I dag driver de med kjøttfeproduksjon.

Dyra går ute i utmarka heile sommaren. Her kan dei nyte ein variert meny av fjellflora, samstundes som dei bidrar til å oppretthalde kulturlandskapet.

Då eg besøkte dykk tidlegare i sommar, spurde eg Cathrine kordan det var å bli kjent med kyrne, og få tillit hjå dei.

«Eg starta med å sitte saman med dei når dei fekk mat», sa du.

Å så spurte eg om namna. Og dei fekk eg. Og eg fekk sjå kordan dyra reagerer når du roper på dei.

Heilt fantastisk. De har til og med ei ku her som trur ho er ein hund. Ho har vore med Gudmund på tur til fjells også. Artig.

I tillegg huser garden andre dyr- som høns, lama, hund, katt og sau. Dette gir liv på garden - og det er flott å sjå! Eg kan ikkje anna enn å bli imponert over kontakta du har med dyra Cathrine! Det er få som har den i vår tid. Før var det nok mange fleir som kommuniserte med dyra på den måten. Det er ikkje mindre enn imponerande.

### **Fjellturisme:**

I tillegg til den tradisjonelle gardsdrifta, driv de med fjellturisme.

Både gjennom å tilby overnatting, informasjon og moglegheit til å supplere turutstyret hos «Kårvatn fjellutstyr». Sportsforretninga er også svært imponerande. Ein får rett og slett lyst til å kjøpe det meste der. Bygningen de har fått satt opp passer utruleg godt, men også måten de har innreda butikken og bredda av kler og utstyr, er imponerande.

Fjellturismen har lange tradisjonar på Kårvatn, og er i dag blitt ein stor del av drifta på garden.

At Kårvatn er ein ynda plass for mange, handlar om det fantastiske landskapet som er her, det godt tilrettelagte tilbodet, og ikkje minst den gjestfriheita vi møter hos de som vertskap.

### **Forsking:**

I tillegg til å ta imot fjellturistar har garden tatt imot forskarar frå forskjellige instansar, som har funnet området her spesielt interessant. Kårvatn er så reint. Kårvatn blir mellom anna brukt som referansepunkt for reint vann og luft i Europa.

### **Gardsutvikling:**

Den allsidige aktiviteten på Kårvatn syner at de vil ta vare på verdiane som er her, bruke dei ressursane de har rundt dykk, sjå framover og vidareutvikle garden.

Dykkar arbeid gjer også at opplevingar, ny kunnskap og gamle tradisjonar kjem besøkande og kommande generasjonar til gode.

Som statsforvaltar i Møre og Romsdal er eg stolt over å kunne dele ut kulturlandskapsprisen til dykk. Den er vel fortent!